

Notat

Til: Fylkesutvalet

Fra: Fylkesrådmannen

Referanse
2014/10099-2

Dato
21.01.2014

Status – kvalitetssikringsarbeid bybane til Åsane

Fylkesutvalet i Hordaland vedtok i møte 5. desember 2013 følgjande oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Fylkesutvalet ber om ei kvalitetssikring av kostnadane med bybane til Åsane, for det traséalternativet som lokallaga i Arbeiderpartiet og Høgre i Bergen, og fleirtalet i Høgre si bystyregruppe har gått inn for. Kvalitetssikringa kan gjerast på bakgrunn av tilgjengeleg informasjon i dei ulike utgreiingane, og dei politiske vedtaka som ligg føre i saka.

Grunnjeving: Dersom dette vert det endelige trasévalet for bybanen til Åsane, vil det få økonomiske konsekvensar for Hordaland fylkeskommune. Desse bør så langt som råd vere kjende.»

Status i dette arbeidet pr 21.01.2014:

Samferdselsavdelinga har engasjert ekstern innkjøpskonsulent. Det er sendt ut førespurnad til dei fem konsulentkonstellasjonane som Finansdepartementet har inngått rammeavtale med for gjennomføring av kvalitetssikringar.

Det er bedt om ei grundig kvalitetssikring av overslag som er gjort over alle traséalternativa i konsekvensutgreiinga og den etterfølgjande rapporten, inkludert ei uvissesanalyse og ein kontroll av dei kalkylane som ligg til grunn for investeringsoversлага.

Tilbodsfristen var 21.01.2014. Det er komne inn to tilbod, og vidare innkjøpsprosess går som planlagt.

Vidare framdriftsplan er som følgjer:

Oppstart kvalitetssikringsarbeid: Rundt veke 8.
Ferdig rapport: 11. april 2014 (før påske).